



NVE

Saksnr.
23/2148

Dok-ID
25/7296

Arkivkode
S05

Sakshandsamar
SYV

Dato:
28.05.2025

Høringsuttale frå Høyanger kommune - saksnr. 202320160

Høyanger kommune er positive til etablering av ny straumforsyning til damane ved Fossvatnet og Seltuftvatnet. Tiltaket vil gi sikrare og meir effektiv drift, og er viktig i samband med rehabilitering av damanlegga.

Kommunen tilrår at kabeltraseen mellom Fossvatnet og Seltuftvatnet blir gjennomført etter alternativ 2 – jordkabel i terreng utan vegbygging. Dette alternativet gir vesentleg mindre inngrep og redusert påverknad på sårbar høg fjellsnatur og verdifullt naturmangfald.

Ein oppmodar vidare om at alle planlagde tiltak (også tiltak planlagt langs eksisterande anleggsvegar) vert utført etter miljøforvarlege metodar og moderne praksis for tilbakeføring. Det må takast omsyn til natur- og landskapsverdiar, og føre-var-prinsippet må leggjast til grunn. Inngrep må gjennomførast på mest mogleg skånsam måte.

Kommunen har inga merknad til plasseringa av nettstasjonane eller søknaden om ekspropriasjon og førehandstiltreding, under føresetnad av god dialog med grunneigarar og rettighetshavarar.

Heile det planlagde tiltaket ligg innanfor område sett av til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF) i kommuneplanen sin arealdel. Tiltaket krev dermed dispensasjon etter plan- og bygningslova kapittel 19.

Ein gjer også merksam på at deler av tiltaket ligg innanfor aktsemdsområde for ras og skred, samt innanfor nedslagsfeltet for drikkevasskjelde i Høyanger kommune.

Med helsing

Synne Vefring
einingsleiar plan, prosjekt og forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent dersom det ikkje er signert